



Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: Arne Helgesen  
Vår: 22/6883 - 23/9290

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:  
01.02.2023

## **Høyring: Søknad om tilskot til drift med taubane - GBNR 183/2 Kleivdal**

Landbruksavdelinga har fått inn ein søknad om tilskot til drift med taubane på GBNR 183/2 Kleivdal. Arealet der det er planlagt hogst ligg i nedfallsområde til Storavatnet. Avstanden frå planlagt oppstillingsplass til Storavatnet er om lag 250 meter, og avstanden mellom hogstfeltet og vatnet er om lag 230 meter. Kart som følgjer søknaden syner at det er planlagt oppstillingsplass på fulldyrka jord.

Vi ber om ein uttale frå VA-avdelinga. Fordi dette er ei sak som hastar ber vi om svar så raskt som mogleg og seinast innan 15.02.2023.

### **Landbruksavdelinga si vurdering av saka:**


Feltet ligg i ei bratt lisode svært nær Storavatnet. Mellom feltet og Storavatnet ligg eit mindre areal med dyrkajord, dette arealet har drenering gjennom kistegrøfter ut i oppsamlingsgrøft/bekk som har utløp i Storavatnet. Desse forholda medfører at avvirking vil medføre ein risiko for avrenning av humus og næringsstoff frå hogstfelt/ hogstavfall til Storavatnet.

I følge drikkevannsforskriften §4 er det forbudt å forurense drikkevann. Dette omfattar alle aktiviteter som medfører fare for forurensing. Landbruksaktivitet kan foregå i vannfilsomsområdet dersom det ikke forurenser drikkevannet. Det er skogeigar sitt ansvar at alle tiltak i skogen blir gjennomført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Skogbrukslova §4. Det er følgeleg også skogeigar sitt ansvar at drifta ikkje fører til forureining av kommunen sin drikkevasskjelde, jf drikkevannsforskriften §4.

Vedtaket om tildeling av tilskot etter Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket vert fatta av kommunen ved landbruksavdelinga. Landbruksavdelinga har ikkje ansvar for å hindre forureining i samband med hogst, men meiner likevel at dette arealet sin plassering i forhold til drikkevassforekomster tilseier at det bør stillast strengare vilkår for å gje tilskot til denne drifta enn til andre prosjekt.

Ut frå terrenget på staden vert taubanedrift vurdert som eit godt alternativ for avvirking av dette feltet. Taubanedrift gjev mindre belastning på jordsmonn og redusert fare for erosjon samanlikna med tradisjonell hogst. Drifta er planlagt i den årstida der det normalt er minst nedbør (april/ mai/ evt juni), dette reduserer sjansen for avrenning. Grunneigar har på spørsmål frå landbruksavdelinga lagt ein plan for kva tiltak som skal settast i verk dersom det vert problem med avrenning. Landbruksavdelinga vurderer at tiltaksplanen som grunneigar har sendt inn til kommunen syner at grunneigar og entreprenør er bevisst på risikoen for forureining og vil ta særskilte omsyn for å unngå forureining. Landbruksavdelinga ynskjer på bakgrunn av dette å gje tilskot til drifta på desse vilkåra:

- Det er grunneigar sitt ansvar å sørge for at drifta ikkje fører til forureining. Arealet sin plassering i forhold til drikkevassforekomster tilseier ein lavare toleranse for forureining enn i andre område.
- Drifta skal gjennomførast på den årstida når det normalt er minst nedbør (april/mai/juni)
- Ved avrenningsproblem og/ eller kraftig regnvêr skal arbeidet stogkast og tiltak settast i verk i tråd med plan som grunneigar har sendt til kommunen.
- Lense som kan leggest ut ved utløp til vatn ved teikn til utslepp skal vere lett tilgjengeleg og takast i bruk umiddelbart dersom problematisk avrenning oppstår.
- Det skal leggest til rette for at aktuelle kistegrøfter raskt kan demmast opp for å drenera gjennom jorda. Ved problem med avrenning skal dette settast i verk straks.
- Kvist og anna hogstavfall skal handterast på ein måte som minimerer risiko for forureining. Når hogsten er avslutta skal det ikkje ligge att hogstavfall på dyrka mark eller over grøfter eller bekker.
- Når drifta er slutført skal dyrka mark settast tilbake til den stand ho var i før drifta tok til.
- Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Føre-var tiltak nedfelt i Norsk PEFC skogstandard skal følgast ved drift.
- Skogeigar skal sørge for at alderskravet er oppfylt ved avvirking.



Planlagt taubanedrift 183/2 Kleivdal

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Opplysninger til sak - svar frå grunneigar - gbnr 183/2 Kleivdal  
Kommunen treng fleire opplysningar i saka - gbnr 183/2 Kleivdal

**Vedlegg:**

Tilbakemelding på manglende opplysningar for å handsame søknad om tilskot til skogsdrift med taubane - GBNR 183/2 Kleivdal

Manglar opplysningar for å handsame søknad om tilskot til skogsdrift med taubane - GBNR 183/2 Kleivdal

Søknad om driftstilskudd til tømmer i bratt terreng - gbnr 183/2 Kleivdal

**Mottakarar:**

Alver Kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG